



Alver kommune
Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/5518 - 20/11184

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@alver.kommune.no

Dato:
27.02.2020

Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå LNF formålet på GBNR 126/5 Hope

Det vert søkt om dispensasjon frå LNF formålet på GBNR 126/5 Hope. Formålet er å dele frå eit av våningshusa på garden med 2,5 dekar tomt.

Driftseininga GBNR 126/2,4,5 har eit totalareal på 581 dekar. Av dette er 93,6 dekar fulldyrka-/overflatedyrka jord. Vidare er det 40,6 dekar innmarksbeite. Resten er skog og anna utmark.

Eigedomen er registrert med heile 3 våningshus. Ein stor driftsbygning for mjølkeproduksjon, reiskapshus og mindre uthus/garasjer.

Våningshuset som vert søkt frådelt ligg 525 meter, i luftlinje, frå fjøsbygningen og tunet på garden. Våningshuset var del av ei tilleggsjord som eigar kjøpte for mange år sidan.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no


Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Oversiktskart gbnr 126/2,4,5 Hope



Situasjonsplan



Den omsøkte tomta grensar opptil ei anna frådelt tomt i nord og dei to husa nyttar same tilkomstvegen. Ved frådelling vil tilkomstvegen til dei to husa verte lagt om slik at tilkomst ikkje kjem i konflikt med reiskapshuset, som ligg 20 meter søraust for våningshuset. Reiskapshuset vil tilhøyre garden etter delinga og er ein viktig ressurs for garden som reiskapshus og lager for kunstgjødsel mm, då det grensar inntil den eine slåtteteigen på garden som er heile 33 dekar.

Konklusjon

Landbruksavdelinga tilrår at det vert gjeve dispensasjon frå LNF formålet i denne saka. Det er 3 bebuelege våningshus på garden. Det er ikkje behov for 3 våningshus på garden. Det vart så mange hus på garden då dagens eigar kjøpte det omsøkte våningshuset saman med ei tilleggsjord. Våningshuset som vert søkt frådelt ligg langt frå tunet og fylkesveg 57 skil den omsøkte tomta og gardstunet. Det er liten reel fare for konflikt mellom landbruksdrifta på garden og bustadformålet på tomta.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar
Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG